




Luster kommune

Prosjekt 2007-12 utstillingsvindaage for kvinner i lokalpolitikken

Avslutta:

2012



Rapport frå styringsgruppa, 08.02.12

Innhald:

	Side
Bakgrunn	2
Oppsummering av tiltak	3
Samarbeidspartar	5
Forsking	6
Økonomi	7
Nominasjon	8
Valet	9
Avsluttande kommentar	11

Vedlegg 12

Årsrapport frå 2011
Årsrapport frå 2010
Årsrapport frå 2009
Årsrapport frå 2008
Søknad frå Luster kommune til Kommunaldepartementet
Svar frå Kommunaldepartementet

Bakgrunn for prosjektet:

Kommunaldepartementet inviterte i november 2006 kommunar til å delta i prosjektet Utstillingsvindaug for kvinner i lokalpolitikken. Kommunestyret handsama dette som sak i møte i kommunestyret den 25. januar 2007 og vedtok å søkje om å få delta i prosjektet. Søknaden fylgjer som vedlegg til rapporten.

8. mars 2007 fekk kommunen melding om at me var blant dei 22 kommunane som var utvalde til å få delta i prosjektet. Dette vart seinare stadfesta i brev frå Kommunaldepartementet dat. 29.03.07 som fylgjer vedlagt.

Målsetjing:

Luster hadde i perioden 1999-2003 og 2003-2007 17,2% kvinner i kommunestyret. Målsetjinga med deltakinga i prosjektet var å få auka kvinne delen, og få fleire kvinner i leiande posisjonar.

Styringsgruppe:

Kommunestyret i Luster valde i møte den 18.10.07 følgjande styringsgruppe for prosjektet: Torodd Urnes (leiar), Sølvi Fretheim Steig, Bergljot Buskaker, Susanne Heen Veum, Arve Bjørn Røneid.

Frå administrasjonen har Anita Bjørk Ruud vore sekretær.

Styringsgruppa har kvart år lagt fram rapport til kommunestyret over kva tiltak som har vore gjennomført dei ulike åra. Kommunestyret har fått rapportane skriftleg. I tillegg har ein representant frå styringsgruppa presentert rapporten frå talarstolen i kommunestyret. Desse rapportane fylgjer vedlagt.



Styringsgruppa planlegg arrangement:

Frå v: Sølvi F Steig, Bergljot Buskaker, Arve Bjørn Røneid, Torodd Urnes, Susanne Heen Veum

Oppsummering av tiltak gjennom fire år:

Styringsgruppa har konsentrert tiltaka sine kring 3 målgrupper:

- kvinnene
- partia
- ålmenta

For kvinnene:

- Inspirasjonssamlingar, kalla jentekveldar: Kast deg uti det!
Ope for alle lustrajenter
- Mediekurs, for innvalde kvinner i perioden 2007-11
- Økonomikurs, for innvalde kvinner i perioden 2007 – 11
- Samling for alle kvinner på listeframlegg 2011
- Samling for alle innvalde kvinner 2011
- Mediekurs for innvalde kvinner 2011

For partia:

- Samling for kommunestyret og partistyra: om å vere folkevald.
- Samling for kommunestyret og partistyra: om nominasjonsprosessen.
- Informasjon i kommunestyret om arrangement som skal vere.
- Rapportering til kommunestyret etter kvart år.
- Konferanse: 2011 – tid for kvinner og ungdom i lustrapolitikken.
Politikarar og partia fekk særleg invitasjon.
- Brev og brosjyrar sendt til partia.
Før nominasjonen.
Etter valet, før konstitueringa.

For ålmenta:

Styringsgruppa har jobba for å få auka den allmenne kunnskapen om prosjektet og at Luster vart med i prosjektet fordi her var veldig skeiv kjønnsfordeling i politikken. Det har også vore ei målsetjing å få auka interesse for politisk deltaking.

Det er allment kjent at personar som er kjende i lokalmiljøet, får flest personrøyster. Prosjektet har difor hatt fokus på at kvinnelege politikarar må bli meir synlege i mediebiletet og den offentlege debatten. Her har kvinnene ei stor rolle sjølve, men også media. Dette var årsaka til at styringsgruppa inviterte til open samling

- Kvinner, menn og media.

Styringsgruppa har elles fått ut informasjon til ålmenta gjennom følgjande kanalar:

- Lustranytt, reportasje 3 gonger pr. år.
- Kommunen si nettside
- Brosjyre til alle husstandar
- Plakatar om arrangement
- Sogn Avis, omtalar etter arrangement og redaksjonelt stoff, inkl. leiaromtale.
- Radio Luster
- Nrk Sogn og Fjordane, radioomtale om enkeltarrangement.
- Nrk – fjernsynet, Vestlandsrevyen og Dagsrevyen, omtale om konferansen:
2011 – tid for kvinner og ungdom i Lustrapolitikken.

Styringsgruppa opplever at lokalsamfunnet har god kjennskap til at Luster er med i prosjektet for å få fleire kvinner med i lokalpolitikken.



Godt oppmøte på jentekveldar i Marifjøra, på Hafslo, i Gaupne og i Luster.



Dyktige og rause foredragsholdarar og underhaldning på alle jentekveldane. Frå v: Gro Grimsø, Marie Helene Hollevik Brandsdal, Heidi-Kathrin Osland og Karen Marie Hjelmesæter



At Luster har lite kvinner med i lokalpolitikken vart godt kjent og temaet kom på bana i fleire revyscener.



For å bli vald handlar det om å vere synlege i mediebiletet. Kvinner må ikkje vere redde for å uttale seg, og media må vere meir bevisste på kjeldene sine.

Kvinner, menn og media. Styringsgruppa sin konferanse på Tørvis hotell.

Frå v: Torodd Urnes, Rolf Sanne Gundersen NRK, Marit Rein avisa Nordlys, Jan Inge Fardal Sogn Avis.

Samarbeid med Kommunaldepartementet og andre kommunar:

Kommunaldepartementet har arrangert årlege samlingar for prosjektkommunane.

Styringsgruppa har delteke i Stjørdal, i Alta, på Karmøy og i Skien.

I tillegg har sekretæren i prosjektet møtt på prosjektleiarsamlingar i Kommunaldepartementet.

Det har vore givande samlingar; møte med statsråd, forskarar, politikarar og nyttig erfaringsutveksling med andre kommunar.

Undervegs i prosjektet har det vore 3 kommunalministrar som prosjekteigarar: Åslaug Haga oppretta prosjektet, Magnhild Meltveit Kleppa leia det frå oppstart til oktober 2009 då Liv Signe Navarsete overtok.

22 kommunar delteke. Nokon har hatt fellesprosjekt, og vorte tildelt midlar under den føresetnaden, medan andre har vorte tildelt midlar som enkeltkommune.

Luster har jobba i prosjektet som enkeltkommune, men har hatt noko samarbeid med Lom, Sel og Dovre som har hatt fellesprosjekt. Det var truleg ein forventning frå

Kommunaldepartementet om større samarbeid enn me har hatt, men det har skuldast at mest aktivitet i prosjekta har vore når Sognefjellet har vore stengt. Luster si styringsgruppe har besøkt styringsgruppa til Lom, Sel og Dovre ein gong, og lustrapolitikarar var på eit kurs på Dovre. Me fekk besøk frå gudbrandsdølene på konferansen på Skjolden i 2010.

Elles har det vore ein del administrativt samarbeid via telefon.

Nordal kommune besøkte Luster i 2012.



Frå Kommunaldepartementet si oppstartsamling. Lom, Sel, Dovre og Luster saman med Kommunalministar Magnhild Meltveit Kleppa.

Forsking:

Rokkansenteret ved Universitet i Bergen føl prosjektet. 2 gonger har Luster si styringsgruppe leigd inn forskarar til samlingar for partia i Luster. Hans Olav Ringkjøp og Jacob Aars har hatt føredrag og diskusjonar med partia i Luster om å vere folkevald, arbeidsvilkår, partia sitt arbeid med rekruttering og nominasjon.



Jacob Aars frå Rokkansenteret informerte partia i Luster om nominasjonsprosessar.

Økonomien i prosjektet:

Kommunen fekk tilsagn på 750.000,- frå Kommunaldepartementet til prosjektet.

Rekneskapen syner følgjande forbruk:

2007	kr. 29.000,-
2008	kr. 249.000,-
2009	kr. 124.000,-
2010	kr. 153.000,-
2011	kr. 143.000,-

Overført til 2012: 76.000,-

Midlane har i hovudsak gått til føredragshaldarar, servering, tappt arbeidsforteneste for folkevalde, reiseutgifter og frikjøp av administrativ tid til sekretariat og informasjonsarbeid. Vidare er det avsett prosjektmidlar til avsluttande arbeid i 2012, mellom anna avsluttande konferanse for heile prosjektet i Øygarden kommune i mars.

Styringsgruppa har prioritert å ha arrangement i ulike deler av kommunen, for å støtte og synleggjere fleire verksemdar.

Samanlikna med andre prosjekt, vurderer styringsgruppa at det har vorte mykje arrangement og informasjonstiltak ut av dei tildelte midlane. Prosjektet har drege nytte av det allereie etablerte informasjonsarbeidet til kommunen, og har i liten grad leigd inn eksterne tenester på det området.



Hanne Teigen, nyvald i kommunestyret på mediekurs. Lærerikt å møte media og få god evaluering i ettertid.

Samansetjing av styringsgruppa:

Styringsgruppa har hatt 2 menn og 3 kvinner. 3 av medlemene har vore i formannskapet.

Ordførar har vore leiar. 5 parti har vore representert i styringsgruppa.

Styringsgruppa vurderer samansetjinga som svært viktig. Den har hatt forankring høgt i det politiske systemet, og hatt lett tilgang til å kunne informere og få tilbakemeldingar i kommunestyret.

Det har ikkje vore utskifting i styringsgruppa eller sekretariat i løpet av prosjektet. Gruppa har samarbeida godt og konstruktivt.

Arbeidsvilkår:

Som polititar brukar ein mykje av fritida si til politisk arbeid. Gjennom prosjektet har styringsgruppa erfart at det i fleire andre prosjektkommunar blir jobba for å få til vilkår for folkevalde som ein lenge har hatt, og no vurderer som sjølsagde, her i kommunen. Det kan nemnast dagmøte, godtgjersle til barnepass, satsar for tapt arbeidsforteneste osv.

Nominasjonen:

Partilistene til kommunevalet hadde 47,5% kvinner med i 2011 mot 43,8% ved valet i 2007. 5 av partia hadde over 50% kvinneandel. 3 parti hadde kvinneleg toppkandidat, medan berre 1 parti hadde det ved førre val.

Av 17 førehandskumulerte kandidatar var 7 kvinner, dvs. 41%.

I 2007 var 5 av 16 førehandskumulerte kvinner, dvs. 31%.

Dette er ein god forbetring. Styringsgruppa vil likevel oppmode kvart parti ved seinare val om å førehandskumulere like mange kvinner og menn, og helst då annakvar.



Utdrag av brosjyre alle husstandar i Luster fekk sommaren 2010



I 2011 deltok Luster også i forsøk med røysterett for 16 og 17 åringar ved kommunevalet.

Dette gjorde at det var ekstra merksemd på Luster kommune ved valet.

Korleis gjekk det med valet?

Valresultatet, kvinneandelen i kommunestyret Luster:

1999 - 2003	17,2%
2003 - 2007	17,2%
2007 - 2011	37,9%
2011 - 2015	44,9%

Då kommunen kom med i prosjektet, 8. mars 2007, var kvinneandelen i kommunestyret på 17,2% mot 44,9% ved valet hausten 2011.

Tabell for alle prosjektkommunane.

Kvinneandel i kommunestyre	2003	2007	2011	Endring fra forrige valg	Endring fra valget i 2003
<u>Landet samlet sett</u>	35	37,5	38,2		
<u>Gjennomsnitt for prosjektkommunene</u>	32	36	38,4	2,35	6,35
<u>Alta</u>	34	34	34	0	0
<u>Bamble</u>	26	33	39,3	6,3	13,3
<u>Dovre</u>	41	29	41,2	12,2	0,2
<u>Enebakk</u>	30	41	51	10	21
<u>Hå</u>	27	33	30,3	-2,7	3,3
<u>Karmøy</u>	24	29	26,7	-2,3	2,7
<u>Lom</u>	41	35	35	0	-6
<u>Luster</u>	17	38	44	6	27
<u>Løten</u>	32	48	48	0	16
<u>Norddal</u>	29	38	33,3	-4,7	4,3
<u>Osen</u>	35	27	33	6	-2
<u>Porsgrunn</u>	37	37	34,7	-2,3	-2,3
<u>Rissa</u>	33	37	33,8	-3,2	0,8
<u>Sel</u>	40	48	44	-4	4
<u>Sigdal</u>	24	38	38	0	14
<u>Siljan</u>	41	35	29,4	-5,6	-11,6
<u>Skien</u>	33	36	34,5	-1,5	1,5
<u>Steinkjer</u>	40	47	51	4	11
<u>Strand</u>	34	34	34,5	0,5	0,5
<u>Verdal</u>	40	34	46	12	6
<u>Vestnes</u>	19	26	30	4	11
<u>Øygarden</u>	17	35	52	17	35

Tabellen syner at Luster har hatt god vekst i kvinneandelen samanlikna med prosjektkommunane. Øygarden, som hadde same utgangspunkt som Luster, har størst auke med 35 %, medan Luster har auke på 27%.

Med ein kvinneandel på 44% ligg me i det øvre sjiktet blant prosjektkommunane. 5 av desse kommunane har betre resultat.

Rokkansenteret skal legge fram rapport til Kommunaldepartementet som syner utviklinga i desse kommunane i kommunestyret og andre utval.

Fleire av partia har fått kvinner i kommunestyregruppa si.

I perioden 2007-11 var det kvinner i 4 av 7 parti. Etter at kommunestyret innvilga ein søknad om fritak, var det kvinner i 3 av 7 parti.

I inneverande periode, 2011-15 er det kvinner i 5 av 6 parti.

Dette vurderer styringsgruppa som svært positivt.



Faksimile: Sogn Avis.

Fleire erfarne menn enn kvinner:

45%, 5 av 11 kvinnene som er med i kommunestyret no, har vore med tidlegare periodar. 71%, 10 av 14 menn har vore med tidlegare. Dette vurderer styringsgruppa har betydning for leiaval i konstitueringa.

Konstituering:

Dei politiske organa med innstillingsrett til kommunestyret:

Formannskapet: 2 kvinner og 5 menn. Mannleg ordførar og mannleg varaordførar.

Plan- og forvaltningsstyret: 4 kvinner og 3 menn. Mannleg leiar og kvinneleg nestleiar.

Kontrollutvalet: 2 kvinner og 3 menn. Mannleg leiar og mannleg nestleiar.

Andre nemnder og utval:**Dei utvala der det er vorte kvinneleg leiar:**

Fjellstyret for Luster austre statsallmenning

Fjellstyret for Luster vestre statsallmenning

Rådet for funksjonshemma

Tilflyttings- og innkvarteringsnemnd

Styringsgruppa for fairtrade-arbeidet.

Avsluttande kommentar:

Korleis kan ein måle om dette har vore eit vellukka prosjekt?

Her meiner styringsgruppa at det bør vurderast over tid. No har ein sett at i nominasjonen hadde partia fleire kvinner på listene, og fleire førehandskumulerte kvinner. Valresultatet etter kommunestyrevalet syner også ein god auke i kvinnetdelen og at fleire parti har kvinner i si kommunestyregruppe.

Styringsgruppa meiner difor at ein gjennom dette prosjektet har oppnådd ei bevisstgjeriing i lustrasamfunnet på korleis stoda har vore, både blant kvinner og menn. Dei to siste vala kan såleis vere eit uttrykk for at ein ikkje lengre vil vere blant dei kommunane med le gst kvinnetdel i kommunestyret.

Styringsgruppa har ikkje gjort spørjingar, og kan såleis ikkje sei at kvinner sa ja til å stå på liste eller valde å engasjere seg på bakgrunn av erfaringar dei har fått gjennom prosjektet. Det kan likevel nemnast at medlemmer i styringsgruppa har fått tilbakemeldingar frå enkeltpersonar om at prosjektet har påverka deira val.

I prosjektet har det vore lagt vekt på å inspirere til politisk deltaking, og at dei viktigaste aktørane til å forbetre situasjonen er kvinnene sjølve. Mange godt røynde politikarar har vore rause og fortalt om sine erfaringar og gjeve råd til ev. nye politikarar i Luster.

Ein treng tid for å få erfaring, og ein må helst ha noko erfaring før ein stiller seg disponibel til leiarposisjonar og blir vist tillit til å bli vald inn i slike posisjonar. Styringsgruppa har peika på at 71% av mennene i kommunestyret har vore med i kommunestyret tidlegare, mot 45% av kvinnene, og meiner at dette har samband med at det er få kvinner som er valde inn i leiarroller. Styringsgruppa trur dette vil vere viktigaste utfordringen framover, å få nye politikarar til å engasjere seg over tid.

No når kvinnetdelen i kommunestyret har auka, vil styringsgruppa oppmode kommunestyret og dei politiske partia til å jobbe bevisst med rekrutteringsarbeid framover, rekruttering til framtidige leiaroppgåver. Ver rause med kvarandre og gje dei folkevalde interessante og utfordrande oppgåver som den enkelte kan vekse på og bygge erfaring på.

Styringsgruppa takkar for tilliten frå kommunestyret. Det har vore interessante oppgåver. Lukke til vidare.

Lustrajente: ”Kast deg uti det!”

Gaupne 8. februar 2012

Torodd Urnes, leiar (Krf.), Bergljot Buskaker (Ap), Sølvi Fretheim Steig (Sp),
Susanne Heen Veum (H), Arve Bjørn Røneid (Sv)

Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. Prosjektperiode: 2007-11.

Rapport 2011

Luster kommune har som einaste kommunen i fylket, delteke i Kommunaldepartementet sitt prosjekt "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken". Kommunen har fått tilsagn om kr. 750.000,- i løpet av prosjektperioden 2007-11 for å gjennomføre tiltak for å få fleire nye kvinner med i lokalpolitikken, og for å halde på dei kvinnene som allereie er med. Målet er også å få fleire kvinner i politiske leiarposisjonar.

Styringsgruppe: Torodd Urnes (leiar), Sølvi Fretheim Steig, Bergljot Buskaker, Susanne Heen Veum, Arve Bjørn Røneid.

Sekretær: Anita Bjørk Ruud

Aktivitetar i 2011

Det har vore 3 møte i styringsgruppa, Arbeidet i styringsgruppa har vore konsentrert rundt planlegging og gjennomføring av arrangementa som styringsgruppa har stått for i løpet av året.

I kommunestyret sitt møte i februar 2011 **presenterte Sølvi Steig rapport frå styringsgruppa sitt arbeid i 2010** og prosjektet sitt arbeid vart vist på kommunen si heimeside.

9. mai hadde styringsgruppa for prosjektet i Luster **besøk av styringsgruppa for Nordal** sitt prosjekt. Dei to gruppene møttest til nyttig erfaringsutveksling.

Arrangement:

Motivasjonsdag for alle kvinnelege listekandidatar 24. mars 2011. Her var målet å inspirere og motivere alle til å synleggjere seg i valkampen. Journalist Anne Margrete Alvern var innleigd for dagen. Kandidatane vart utfordra til å stå på stand, kontakte media i valkampen, gjere seg synlege i sosiale media, vart intervjuet og fekk konstruktive attendemeldingar.

5. oktober, samling for nyvalde kvinner og varakvinner. Eg er klar for politisk arbeid! Her var alle kvinner og varakvinner i kommunestyret invitert saman med gruppeleiar i kvart parti. Leiar i fylkesstyret i senterpartiet og tidl. ordførar i Gaular, Jenny Følling var inspirator og informerte om den politiske rolla, både som politisk medlem og leiar i politiske utval. Målet med samlinga var å inspirere kvinnene til å ta på seg verv i konstituering til ulike verv i nemnder og utval. Det vart informert om den politiske styringsmodellen, og alle ulike nemnder og utval som skulle veljast på hausten. Elles var målet at nyvalde skulle få møte andre nyvalde, og sine respektive gruppeleiarar. Det var god dialog på samlinga.

Styringsgruppa har sendt brev til valnemnda, på same måte som dei sende til nominasjonsnemndene i 2010. Her var oppmodinga om å velje fleire kvinner i leiande posisjonar!

22. november var det invitert til mediedag for nyvalde i kommunestyret. Nynorsk mediesenter v/ journalist Magni Øvrebotten og fotograf Randi Indrebø utfordra deltakarane til å synleggjere seg og bruke media. Dei fekk mange gode råd og alle fekk fleire praktiske øvingar på intervju. Deltakarane gav gode tilbakemeldingar på kurset.

Elles har det i avslutningsåret vore ein del administrativ aktivitet i høve til rapporteringsarbeid, mellom anna til Rokkansenteret som har fulgt prosjektet gjennom heile perioden.

8. februar 2012

Torodd Urnes, Bergljot Buskaker, Arve Bjørn Røneid, Susanne Heen Veum, Sølvi Fretheim Steig.
leiar

Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken.
Prosjektperiode: 2008-11.
Rapport 2010 frå styringsgruppa i Luster

Luster kommune er den einaste kommunen i fylket som er utplukka i Kommunaldepartementet sitt prosjekt "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken". Kommunen får 750.000,- i løpet av prosjektperioden 2007-11 for å gjennomføre tiltak for å få fleire nye kvinner med i lokalpolitikken, og for å halde på dei me har. Målet er også å få fleire kvinner i politiske leiarposisjonar.

Styringsgruppe: Torodd Urnes (leiar), Sølvi Fretheim Steig, Bergljot Buskaker, Susanne Heen Veum, Arve Bjørn Røneid.
Sekretær: Anita Bjørk Ruud

Aktivitetar i 2010

Det har vore 6 møte i styringsgruppa, Arbeidet i styringsgruppa har vore konsentrert rundt planlegging og gjennomføring av arrangementa som styringsgruppa har stått for i løpet av året, og kva som kan vere satsingsområde resten av perioden. Elles har arbeidsgruppa hatt stor fokus på informasjon til partia og innbyggjarane i forkant av nominasjonsprosessen.

Informasjon via:

- Orientering i kommunestyret.

I samband med at styringsgruppa la fram årsrapport for 2009, vart det informert i kommunestyret om prosjektet, fortalt kor viktig nominasjonsprosessen er og oppmoda partia til å ta omsyn til forskning.

Kommunestyremøta vert dekkja av nærradioen og lokalavisa. Det vart også laga omtale på heimesida

- Brosjyre:

Styringsgruppa har utarbeida ein eigen brosjyre som er sendt til alle husstandar i kommunen: "Luster treng fleire kvinner til styre og stell."

Brosjyren ligg også på kommunen si heimeside om prosjektet.

- Brev og brosjyrar til partia

Alle medlemer i partia sine nominasjonsnemnder har fått eige brev med informasjon om prosjektet, forskning, kommunaldepartementet sin brosjyre, Luster sin brosjyre og KS-hefter om kvinner og makt. Styringsgruppa oppmodar nominasjonsnemndene til å

- Ha annakvar kvinne og mann på lista
- Gje tilleggsrøyst til like mange kvinner som menn
- Hugse på at den mest synlege plassen er fyrsteplassen.

Etter utsending av dette brevet, vart det også presseomtale i lokalavisa om temaet.

- Kommunen si heimeside har omtale på opningssida før og etter arrangement. Elles er informasjonen samla under politisk om prosjektet.

- Lustranytt, kommunen sitt informasjonsmagasin som kjem ut 3 gonger for året. Prosjektet har med informasjon i kvart nummer.

- Anna pressedekning. Sjå nedanfor.

Lokale arrangement:

9. april, jentekveld med quiz på Gaupne hotell. Om lag 75 frammøtte då styringsgruppa laga ny jentekveld og inspirasjonskveld. Fleire av dei frammøtte hadde ikkje vore på jentekveldar tidlegare. Gruppa fekk såleis informert mange nye om prosjektarbeidet. Det er mykje folkeopplysning og engasjement rundt quis-ramma, og gruppa fekk positive tilbakemeldingar på dette. Elles sette styringsgruppa stor pris på at den lokale revyen i kommunesenteret hadde kvinner i politikken som tema i 2 av innslaga sine. Desse vart også framført på jentekvelden.

Arrangementet hadde mediedekning i nærradio, lokalavis og kommunen sitt informasjonsmagasin Lustranytt og på heimesida til kommunen.

27. august, konferanse: 2011 – tid for kvinner og ungdom i lustrapolitikken?

Dette arrangementet var styringsgruppa si storsatsing dette året, der kommunalminister Liv Signe Navarsete, professor Frank Aarebrot var innleiarar og Knut Henning Grepstad programleiar.

Engasjerte ungdomar, Aina Stokkenes, Thea Øvregard Røhme og Stig Øystein Schmidt deltok i panel og svarte på spørsmål om røysterett for 16 åringar.

Til arrangementet var alle i kommunestyret, partistyra og nominasjonsnemndene særleg inviterte. Styringsgruppa i Lom, Sel og Dovre møtte. Arrangementet var ope for alle, og om lag 75 deltakar var møtt fram.

Arrangementet hadde mediedekning i riksfjernsyn og radio, fylkesradio, nærradio, lokalavis, kommunen sitt informasjonsmagasin Lustranytt og på heimesida til kommunen.

12. november, jentekveld på Lustrabui.

Målet med kvelden var å inspirere lustrajenter til å sei ja til partia i nominasjonsarbeidet.

Lustrajente – kast deg uti det. Bli med i politikken. Det var om lag 40 frammøtte.

Jenny Følling og Trude Brosvik var rause og delte sine erfaringar med lustrajentene. Dei hadde mange gode råd og anbefalte å bli med. Mari Ese og Turid Hunshamar Øygarden underheldt med flott song og musikk, og Lustrabui serverte lokale smårettar. Styringsgruppa informerte om rettane som folkevalde har, i høve til dagmøte, rett til å få dekkja reise, møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste, at me dekkar betaling for omsorg m.v. Lokalpolitikarar blant dei frammøtte informerte også om arbeidet lokalt.

Nærradioen laga reportasje frå kvelden, det var omtale i lokalavisa, Lustranytt og på heimesida til kommunen.

Arrangement utanfor kommunen:

Skr. for styringsgruppa deltok på prosjektleiarsamling i Oslo, Kommunaldepartementet i januar saman med prosjektleiarar.

Styringsgruppa deltok på fellessamling i Skien for alle prosjektkommunane. Denne samlinga markerte også 100 års jubileum for røysterett for kvinner.

Planar framover:

I 2011 planlegg styringsgruppa m.a.:

Samling på våren for alle jentene som står på listeframlegg.

Informasjonsarbeid.

Samling for nyvalde kvinner, motivere for verv i konstitueringa.

31. januar 2011

Torodd Urnes, Bergljot Buskaker, Arve Bjørn Røneid, Susanne Heen Veum, Sølvi Fretheim Steig.
leiar

Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken.

Prosjektperiode: 2008-11.

Rapport 2009 frå styringsgruppa i Luster

Luster kommune er den einaste kommunen i fylket som er utplukka i Kommunaldepartementet sitt prosjekt "Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken". Kommunen får 750.000,- i løpet av prosjektperioden 2007-11 for å gjennomføre tiltak for å få fleire nye kvinner med i lokalpolitikken, og for å halde på dei me har. Målet er også å få fleire kvinner i politiske leiarposisjonar.

Styringsgruppe: Torodd Urnes (leiar), Sølvi Fretheim Steig, Bergljot Buskaker, Susanne Heen Veum, Arve Bjørn Røneid.

Sekretær: Anita Bjørk Ruud

Aktivitetar i 2009

Det har vore 4 møte i styringsgruppa, Arbeidet i styringsgruppa har vore konsentrert rundt planlegging og gjennomføring av arrangementa som styringsgruppa har stått for i løpet av året, og kva som kan vere satsingsområde resten av perioden. Det vart lagt ned mykje arbeid i å få til ei storsamling for Luster, Sel, Lom og Dovre i september 09. Dessverre vart det kollisjonar med andre store arrangement i Gudbrandsdalen.

Lokale arrangement:

Møte med gruppeleiarane 15. januar. Her drøfta styringsgruppa og gruppeleiarane kommunestyremøta og rolla til gruppeleiarane.

24. april 2009, jentekveld på Hafslo i Bremerfjøs. Godt oppmøte då styringsgruppa laga jentekveld og inspirasjonskveld for andre gong. Målet med møtet var å formidle at alle kan engasjere seg politisk. Marie Helene Brandsdal, Heidi Katrin Osland og Karen Marie Hjelmeseter fortalde med iver og engasjement om sitt politiske liv, kombinert med familie og jobb.

28. september, kvinner menn om media. Open kveld for alle der temaet var; kvifor er kvinner mindre synlege enn menn i media. Marit Rein frå avisa Nordlys, Rolf Sanne-Gundersen i NRK-Sogn og Fjordane og redaktør i Sogn Avis Jan Inge Fardal. Godt oppmøte og omtale i lokalavisa og fylkesradioen. Temaet vart også teke opp på fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin blogg, og skapte stor debatt der.

16. november vart det arrangert økonomikurs, der kvinner og varakvinner i kommunestyret var inviterte. Det var 9 deltakarar. Rådmannen var engasjert til å halde kurset. Det var teori og praktiske øvingar og gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

30. november var alle medlemene i partistyra i kommunen innkalla til møte der Jacob Aars frå Rokkansenteret var føredragshaldar. Tema: kvinneandelen i kommunale tillitsverv: Kva rolle spelar nominasjonsprosessen?

Forskar Jacob Aars frå Rokkansenteret la fram tala som syner kor låg kvinneandel Luster har hatt samanlikna med andre kommunar. Det syner seg at av dei 22 kommunane som deltek i prosjektet for å auke kvinneandelen i styre, råd og utval, er det Luster som i perioden 1979-2007 har hatt legst kvinneandel i kommunestyret, med eit gjennomsnitt på 22%.

Luster er også den kommunen, der partia i same perioden har førehandskommulert den legste kvinneandelen på listene sine til kommunevalet.

Aars la fram framlegg til tiltak som partia kan gjere.

Det møtte 16 deltakarar som sat i grupper og jobba med temaet som Aars presenterte.

Arrangement utanfor kommunen:

Sekr. for styringsgruppa deltok på miniseminar i Oslo, Kommunaldepartementet i januar saman med prosjektleiarar.

Styringsgruppa deltok på fellessamling i Haugesund/Karmøy for alle prosjektkommunane.

Informasjon:

På www.luster.kommune.no har styringsgruppa informasjon om dei ulike arrangementa dei lagar til. Prosjektet presenterer også arbeidet sitt i Lustranytt. Fleire arrangement har også fått pressedekning i lokalavis og fylkesradio og nærradio.

Planar framover:

I 2010 planlegg styringsgruppa m.a.:

- informasjonskampanje saman med Kommunaldepartementet og andre prosjektkommunar. I tillegg ein lokal kampanje.
- halde fram med jentekveldar
- markere 100 års jubileum for røysterett til kvinner
- arrangement saman med ungdom i samband med at kommunen også er forsøkskommune med røysterettsalder 16 år i 2011,
- ope møte der partia og nominasjonsnemnder vert særleg inviterte, med fokus på nominasjonsprosessane og rekruttering.

Partia og ungdomen sitt kommunestyre vil bli inviterte med som medarrangørar.

13.januar 2010

Torodd Urnes, Bergljot Buskaker, Sølvi F Steig, Susanne Heen Veum, Arve B Røneid.
leiar

Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. Rapport 2008 frå styringsgruppa i Luster

Styringsgruppe: Torodd Urnes (leiar), Sølvi Fretheim Steig, Bergljot Buskaker, Susanne Heen Veum, Arve Bjørn Rønneid.
Sekretær: Anita Bjørk Ruud

Aktivitetar i 2008

Det har vore 7 møte i styringsgruppa, 2 av desse saman med samarbeidskommunane Lom, Sel og Dovre. Arbeidet i styringsgruppa har vore konsentrert rundt planlegging og gjennomføring av arrangementa som styringsgruppa har stått for.

Styringsgruppa inviterte Lom, Sel og Dovre til møte i Luster i mai. Det let seg ikkje gjere å gjennomføre.

Lokale arrangement:

11. februar 2008. Journalist Anne Mette Hjelle hadde føredrag om korleis ein best kan få fram budskapet sin. Alle deltakarane fekk prøve seg på talarstolen, og fekk individuell vurdering. 21 deltakar av 47 inviterte. Veldig gode tilbakemeldingar frå deltakarane på at kurset var interessant og nyttig.

Dei inviterte var alle kvinnene og varakvinnene i kommunestyret, nye mannlege kommunestyrerepresentantar, nokre mannlege vararepresentantar, og gruppeleiarane i kommunestyret. Gruppeleiarane var invitert fordi dei er nøkkelpersonar til å skape tryggleik og trivsel i partigruppene.

27. mars 2008: Denne dagen hadde styringsgruppa leigd inn Hans-Erik Ringkjøb, Rokkansenteret, Universitetet i Bergen. Han er sjølv lokalpolitikar på Voss. Rokkansenteret er engasjerte av Kommunaldepartementet til å følgje prosjektet. Tema på denne dagen var:

- Partia i lokalpolitikken
- Rekruttering til lokalpolitikken og til bestemte verv
- Folkevalde sine arbeidsvilkår
- Om å vere utstillingsvindu.

Dei inviterte var heile kommunestyret, kvinnelege varamedlemer i kommunestyret og alle styrerepresentantane i dei lokale partistyra. 24 deltakarar av om lag 60 inviterte.

Det var stort engasjement blant deltakarane. Dei vart utfordra til å drøfte fleire spørsmål, mellom anna desse:

Er partipolitikken relevant i Luster?

Kva kan partia gjere for å auke deltakinga?

Kva er positivt og negativt med å vere lokalt folkevald?

7. november 2008.

Jentekveld på Marifjora kafè. Lustrajente – kast deg uti det!

Ope arrangement for alle lustrajenter, var kunngjort i lokalavisa to gonger, plakatar i heile kommunen og på kommunen si heimeside i tillegg til jungeltelegrafan som styringsgruppa sette i verk.

Kvelden var ein miks av erfaringsutvekslingar, små føredrag, kulturinnslag og diverse skrå blikk.

Sølvi Steig var programleiar for kvelden og innleiarar var:

- Laila Gjerde, sjølvstendig næringsdrivande og lokalpolitikar
- Eli Bjørhusdal, stipendiat ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og skribent i lokalaviser.
- Eli Grotle, journalist
- Liv Kreken, sjølvstendig næringsdrivande kulturarbeider

Det var fullt hus på Marifjora kafè, om lag 100 frammøtte. Styringsgruppa har motteke mykje positiv respons etter arrangementet.

Arrangementet fekk omtale i NRK-Sogn og Fjordane, Radio Luster, Sogn Avis og på kommunen si heimeside.

Arrangement utanfor kommunen:

Styringsgruppa har delteke på fellessamling for alle prosjektkommunane i Alta, 12 og 13. juni. Der var det tett program på konferansen.

Tema var

Lokaldemokrati og kvinner

Kjønnskvolterung – vilkår for at det skal ha effekt

Personvalordninga og kvinnerepresentasjon

Lokalmedia og kvinner, eksempel frå fleire av prosjektkommunane.

Lokalmedia si rolle for lokaldemokratiet. Korleis synleggjera kvinner i lokalavisa?

Arbeidsvilkår for folkevalde. Korleis leggja betre til rette?

Turnusarbeidande lokalpolitikarar.

Tilrettelegging for politisk virke blant småbarnsforeldre.

Alle føredraga er tilgjengeleg på www.krd.no der Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken har eiga heimeside.

Styringsgruppa har godt utbytte av å vere på desse prosjektsamlingane. Me får inspirasjon frå andre prosjektkommunar, og godt tips til kven som kan vere aktuelle å leige av føredragsholdarar på lokale arrangement.

18. og 19. november.

Seminar på Toftemo i Dovre kommune saman med samarbeidskommunane Lom, Sel og Dovre.

Dei inviterte var alle kvinnene og varakvinnene i kommunestyret, 32 stk.

4 deltakarar frå Luster inkl. sekretær og sakshandsamar for styringsgruppa.

Sognefjellet var stengt, så reisa gjekk om Stryn.

Tema var aktuelle lovverk for kommunale politiske organ. Hovudtema var formidling og retorikk, med føredragshaldar Cathrine Paus frå firmaet Blått blikk. Deltakarane fekk øve seg på talarstol og framfor kamera på filmopptak.

Økonomi:

Kommunen fekk tilsagn om kr. 240.000,- frå Kommunaldepartementet for 2008. Tilsagnet for heile prosjektperioden 2007-2011 er på inntil kr. 750.000,-.

Informasjon:

På www.luster.kommune.no har styringsgruppa informasjon om dei ulike arrangementa dei lagar til. Prosjektet presenterer også arbeidet sitt i Lustranytt.

Planar framover:

I 2009 er det plan om ei storsamling for kommunestyra i Lom, Sel, Dovre og Luster, der Luster er vertskap. Det vil også bli arrangert jentekveldar. Styringsgruppa ynskjer dialog med partia og ungdomane i dette prosjektarbeidet.

15.01.09

Torodd Urnes, Bergljot Buskaker, Sølvi Fretheim Steig, Susanne H Veum, Arve B Røneid

Servicetorget

25.01.2007

Det kgl. Kommunal- og Regionaldepartement
Postboks 8112 Dep.

0032 OSLO

Arkivsak: 06/3271
Løpenr.: 07/868
Sakshandsamar:
Anita Bjørk Ruud
-

Søknad om deltaking i prosjekt Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken

Viser til Dykkar brev dat. 9.11.06. Likeeins e-post dat. 20.12.06 der vi fekk utsett svarfristen til i dag.

Kommunestyret har i dag handsama saka og vedteke å sende fylgjande søknad om deltaking i prosjektet:

Kommunalministaren inviterer 5-10 kommunar til å delta i prosjekt for å finne ut kva ein kan gjere for at det skal bli meir attraktivt og enklare for kvinner å delta i lokalpolitikken. 5-10 kommunar vil etter søknader bli valt ut til å inngå i eit nettverk for å kunne inspirere kvarandre i arbeidet.

Ut frå samansetjinga i Luster kommunestyre siste åra, meiner kommunestyret at me bør vere ein av dei utvalde kommunane.

Oversyn over kvinneleg deltaking i Luster kommunestyre:

Valperiode	1995-1999	1999-2003	2003-2007
Antal kvinner i kommunestyret	6	5	5
% av kommunestyret	20,7%	17,2%	17,2%
Antal av kvinnene som stilte til attval i perioden etter	3	2	

Det er veljarane som avgjer kven som blir valde, men det er partia som nominerer og rekrutterer til dei politiske verva.

Me ser av oversikta at det er få kvinner med i kommunestyret, og dei siste periodane har det vore 50% og færre som har stilt til attval neste periode. Det kan tyde på at kvinner i Luster tykkjer det er lite attraktivt å delta i lokalpolitikken.

Kva kan og bør gjerast for å få fleire kvinner med i kommunestyret?

I skrivet frå kommunalministaren er det nemnt ulike framlegg til tiltak:

- Større grad av frikjøp av folkevalde
- Kompetanseoppbygging
- Nettverk
- Leiaropplæring
- Mentorar

Alt dette er ordningar som kan vere aktuelle.

Det er vanskeleg å sei årsaka til at dei kvinnelege lustrapolitikarane ikkje har stilt til attval.

Me har ikkje faktaopplysningar rundt dette spørsmålet.

Sidan det har vore få kvinner med i kommunestyret, og me har ordninga med kjønnskvolterung i faste utval, har kvinnene i kommunestyret fått fleire verv i tillegg. Det kan vere nokon som tykkjer det vert stor belastning.

Det er også nærliggande å tenkje seg at det kan ha noko med korleis partia ”tek vare på sine”.

Det gjeld både kvinner og menn.

Elles spelar nok det tradisjonelle kjønnsrollemønsteret ei viktig rolle.

Som statsråden skriv i brevet sitt handlar det både om at kvinner gjerne ikkje får sleppe til, og deira vilje/muligheit til å delta.

Luster kommunestyre meiner det er aktuelt å ha tiltak ikkje berre for kvinnene som vert innvalde, men for heile kommunestyregruppene og partistyra. Som rekrutteringstiltak bør ein også tilby opplæring og nettverk for kvinner som vert varamedlemer i kommunestyret. Det bør vere fellessamlingar, men gjerne også opplæringar og erfaringsutveklingar for kvinnene åleine.

Luster kommune er starta med ei evaluering av den politiske styringsmodellen. Her deltek alle kommunestyrrerepresentantane i ei spørjeundersøking og partia skal intervjuast. Her er det mellom anna spørsmål om korleis representantane opplever det å vere med i kommunestyret. Resultata frå undersøkinga vil verte kjende til våren, og truleg gje nokre innspel til tema som bør vere med i seinare opplæringar.

Ideelt sett bør samansetjinga i kommunestyret avspegle innbyggjarane i kommunen. Det gjeld både i høve til kjønn, alderssamansetjing, yrkesgrupper osv.

I Luster har det ved kvart lokalval siste periodane vore fleire mediaoppslag under nominasjonsprosessar som viser at det er kamp om posisjonar i partia. Nokre innbyggjarar kan sitje med inntrykk av at storparten av det politiske arbeidet handlar om maktkampar.

Dette er truleg lite motiverande i rekrutteringssamanheng.

Eit aktuelt tiltak kan vere informasjon til lokalsamfunnet om betydning av å få fleire kvinner i politiske posisjonar. Skape blest om tiltak og kvifor det er viktig. Få lustrakvinner til å forstå at det er bruk for dei og at dei har mykje å bidra med.

I ei likestillingsundersøking som vart presentert denne veka, scorar Luster kommune dårlegast på antal kvinner i kommunestyret. Eit positivt trekk i undersøkinga er at utdanningsnivået til kvinnene i Luster er relativt høgt.

Me har fleire kvinnelege etablerar i kommunen som me kan invitere til erfaringsutvekslingseminar. Nabokommunen vår, Lom, er ein av seks kommunar i landet som er med i prosjekt ”Selvsagt – kvinner vil ha makt”. Me kan besøke dei, og dra vekslar på deira erfaringar så langt.

Nedanfor fylgjer framlegg til tiltak og budsjett. Dette er tiltak som kjem i tillegg til kommunen si ordinære folkevaldopplæring som går på kommunal organisering, lover og reglar som gjeld for ulike sakstypar, rettar og plikter for folkevalde osv.

Det er viktig å presisere at på ein del av tiltaka er det vanskeleg å budsjettere sidan vi enno ikkje veit kor mange det vil gjelde, kvar nettverkssamlingar skal vere m.m.

Framlegg til tiltak	Deltakarar	Budsjett	Evt. merknad
3 heildagsseminar m/eksterne føredragsholdarar. F.eks: Forskarar, erfarne kvinnelege toppolitikarar. Tema: Arbeidsformer og rolledeling i partia. Etikk, holdningar, gruppeøvingar mellom anna med rollespel. Evt. paneldebattar.	Heile kommunestyret Kvinnelege vararepresentantar Partistyre Totalt ca 50 deltakarar pr. seminar	Frikjøp av folkevalde, innleige av føredragsholdar, reiseutgifter, servering Kr. 80.000,- * 3 Kr. 240.000,-	Her bør 2 dagar vere i starten av valperioden. Den 3 dagen bør vere i 3 året i perioden, før partia skal starte nominasjonsarbeidet.
Deltaking i nettverk med andre kommunar Erfaringsutveksling, opplæring med erfarne føredragshaldarar. Få kunnskap om maktbruk, sjølvinnst. Øvingar på taleteknikk, debattering, argumentering mv. Ha journalistar med på seminiar. Få pressetrening. 2 samlingar pr. år i heile valperioden	Innvalde kvinner og vararepresentantar Totalt ca 12 pr. samling	Frikjøp, reise- og opphaldsutgifter. Føredragshaldar. Ca kr. 300.000,-	
Mentorordning/ fadderordning. 1. Fadder i eiga kommunestyregruppe. 2. Mentor	1. I kvart parti vert det ein ordning der kvar nyvald kvinne får ein erfaren politiskar i kommunestyregruppa som rettleiar undervegs 1 valåret. Som fadderordning i skulen. 2. Ein fagleg rådgjevar som kan observere i starten av perioden og vere tilgjengeleg for spørsmål og gje tilbakemeldingar.	Godtgjersle / stimuleringsmidlar til fadder: Kr. 10.000,- pr. fadder Ca kr. 70.000,- Leige av mentor: Kr. 80.000,-.	

	Kan for eksempel leige kompetanse frå Høgskulen i Sogn og Fjordane. 1. valåret		
Besøk til anna kommune, for eksempel. Nabokommunen Lom som er med i KS-prosjekt ”Selvsagt – kvinner vil ha makt” Der er det mellom anna etablert eit kvinneforum i kommunen.	Innvalde kvinner og vararepresentantar. Partileiarar	Frikjøp, reiseutgifter. Ca kr. 20.000,-	
Informasjonsarbeid i lokalsamfunnet. Skape blest om betydninga av at samansetjinga i kommunestyret avspeglar innbyggjarane i kommunen.	Partia og kommunen bør informere om dette under valkampen.	Kr. 30.000,-	
		Sum Ca kr. 750.000,-	

Tiltaka i skjemaet krev midlar.

Interne tiltak som bør drøftast er tidsbruk, møtefrekvens, møtelengde, møteeffektivitet.

Til informasjon kan me nemne at kommunestyret er lite nøgde med tittelen på prosjektet, og ser gjerne at den vert endra.

Med helsing

Anita Bjørk Ruud
Politisk sekretariat

Kopi til:
Ordførar



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

LUSTER KOMMUNE	
Reg.nr.	Saksbehl.
4158107	ABR
02 APR 2007	
Ark.kode P	014
Ark.kode S	
Arkivsaknr.	3271/06
Kassasjon	7

Luster kommune

Rådhuset
6868 GAUPNE

Deres ref

Vår ref
06/2514-99 AOD

Dato
29.03.07

Vedrørende søknaden: Utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken

Vi viser til Deres brev av 25.01.07 og senere telefonsamtale. Kommunal- og regionaldepartementet har valgt ut deres kommune som utstillingsvindu for kvinner i lokalpolitikken. I tillegg er følgende kommuner og kommunenettverk blitt valgt ut:

1. Alta kommune
2. Verdal, Steinkjer, Rissa og Osen kommuner
3. Vestnes kommune
4. Norddal kommune
5. Sel, Dovre, Lom
6. Øygarden kommune
7. Hå, Karmøy og Strand kommuner
8. Skien, Porsgrunn, Siljan og Bamle kommuner
9. Sigdal kommuner
10. Løten kommune
11. Enebakk kommune

Valget er skjedd ut fra en helhetsvurdering der vi blant annet har lagt vekt på å få prøvd ut ulike tiltakstyper i kommuner med ulik størrelse, ulik andel kvinner i kommunestyret og å få en god geografisk spredning på utstillingskommunene. Dere skrev i prosjektsøknaden at dere ville dra veksler på nabokommunen Lom sine erfaringer med å arbeide for å få bedret kjønnsbalansen i lokalpolitikken. Lom er valgt som utstillingskommune gjennom en fellessøknad sammen med Sel og Dovre

kommuner. Vi håper deres kommune vil samarbeide med disse utstillingskommunene og slik bidra til å inspirere, støtte og lære av hverandres erfaringer underveis i prosjektet. Dere står selvsagt fritt til å finne en form på et slikt samarbeid.

Kommunal- og regionaldepartementet gir med dette tilsagn om støtte til deres prosjekt og tiltakene som er beskrevet i deres prosjektsøknad, med inntil 750 000 kroner over en femårsperiode som tilsvarende det beløpet dere har søkt om. Vi tar forbehold om at Stortinget bevilger midler til prosjektet etter 2007.

Utbetaling skjer for et år ad gangen, og vi må derfor be dere om å komme tilbake med budsjett med finansieringsplan for hvert av årene i prosjektperioden, 2007 og til og med 2011, innen 1. mai d.å.

Utbetaling skjer på bakgrunn av faktura med oppstilling til bruk av midlene, og må være sendt departementet via Departementenes servicesenter innen 15. november for 2007, og innen samme dato for de påfølgende år i prosjektperioden. I henhold til § 17 i Bevilgningsreglementet tas det forbehold om adgang for departementet og Riksrevisjonen til å kontrollere at midlene nyttes etter forutsetningene.

Fakturaadresse er:

Kommunal- og regionaldepartementet
v/DSS Efaktura
Pb. 8129
0032 Oslo

Fakturaen må merkes bestillingsreferanse "KRD 1562Ødegård". I fakturaens tekstfelt skal prosjektnavn og prosjektnummer 608 oppgis.

Kommunene har selv ansvar for at tiltakene som blir iverksatt er i tråd med Likestillingsloven. Dersom dere har behov for rådgivning knyttet til dette regelverket, kan dere henvende dere til Likestillings- og diskrimineringsombudet.

Kommunal- og regionaldepartementet vil arrangere samlinger der alle "utstillingsvindukommunene" blir invitert til å delta. Formålet her er både å gi inspirasjon, støtte og lære av hverandres erfaringer i tillegg til at vi vil tilby seminar samlet for alle deltagerkommunene.

Departementet vil engasjere et forskningsmiljø til å foreta ekstern underveis- og resultatevaluering av alle utstillingskommunene sine tiltak og prosjekter og i hvilken grad de bidrar til å nå oppsatte mål. Det er meningen at undervegsevalueringen skal bli presentert på samlingene slik at utstillingskommunene får en vurdering av gjennomføringen av sitt prosjekt og sine tiltak underveis i perioden. En sluttevaluering av hele satsingen vil også bli laget.


Departementet forventer også at deres kommune vil bidra til å formidle erfaringene fra prosjektet i sammenhenger der dette kan være naturlig, for eksempel på konferanser eller seminarer i regi av departementet – og ikke minst i lokal- og regionalmedia. Tiltak, erfaringer og initiativ fra prosjekt-kommunene vil også bli formidlet via Kommunal- og regionaldepartementet sin egen hjemmeside, og departementet er derfor avhengig at dere holder oss løpende orientert om prosjektgjennomførelsen og milepæler som blir nådd i deres kommune. Anne-Karin Ødegård vil være departementet sin kontaktperson, og alle henvendelser om prosjektet kan rettes til henne.

I løpet av høsten, etter fylkesting- og kommunevalget, vil departementet invitere til oppstartsamling for alle utstillingskommunene. Vi kommer tilbake med nærmere informasjon etter hvert.

Vi ønsker dere lykke til med satsingen!

Med hilsen


Helga Hjørth (e.f.)
avdelingsdirektør


Anne-Karin Ødegård
rådgiver

Kopi til:

Dovre kommune


Bjørn Ervik

KS (Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon)

Lom kommune

Sel kommune

LUSTER KOMMUNE - ORGANISASJONSMODELL



Politiske organ

Kommunestyret (25 representantar) er kommunen sitt øvste politiske organ. Alle store/viktige saker vert avgjorde her, etter tilråding frå formannskapet/næringsutvalet (7) eller plan- og forvaltningsstyret (7). Dei to sistnemnde organ avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. I tillegg får kommunestyret også nokre saker frå eige kontrollutval (5) og frå mellombelse komitear (særskilde saker). Alle val til faste politiske organ er for 4 år. Ordføraren er kommunen sin fremste politiske representant. Han leiår møta i kommunestyret og formannskapet/næringsutvalet.

Rådmannen

Rådmannen leiår administrasjonen, har tilrådingsrett i alle saker til politiske organ og har ein overordna oppfølgings- og støttefunksjon for alle underliggjande tenesteeiningar. Rådmannen avgjer sjølv ein del saker etter fullmakt frå kommunestyret. Rådmannen har 8 ulike stabseiningar til å hjelpe seg i dette arbeidet. Dette er personal/organisasjon, økonomi, eigedom, oppvekst, pleie/omsorg, plan, næring og servicetorget. Rådmannen har, blant sine stabseiarar, peika ut primære kontaktpersonar for alle tenesteeiningar.

Tenesteeiningane

Kommunen har 29 tenesteeiningar som primært yter tenester til innbyggjarane. Kvar eining har ein eigen leiår som rapporterer til rådmannen, då primært til ovannemnde kontaktperson. Desse leiarane arbeider med grunnlag i eit eige administrativt delegeringsreglement, fastsett av rådmannen.

1) Kommunen har følgjande 9 skular: Dale skule, Gaupne skule, Hafslo barne- og ungdomsskule, Indre Hafslo skule, Jostedal skule, Luster ungdomsskule, Skjolden skule, Solvorn skule og Veitastrand skule.

2) Kommunen har følgjande 9 barnehagar: Gamlestova barnehage, Gaupne barnehage, Hafslo barnehage, Indre Hafslo barnehage, Jostedal barnehage, Luster barnehage, Skjolden barnehage, Veitastrand barnehage og Solvorn barnehage.

3) Kulturskulen er interkommunal. Leikanger er vertskommune.

4) Sogn barnevern er interkommunalt. Sogndal er vertskommune.

5) NAV Luster er leia i ein partnerskap mellom stat og kommune.